

## Folkehelseprofilen for Gol kommune 2023

### Årets tema er bumiljø

Eit godt bumiljø kan ha stor betydning for helse og livskvalitet, og er ein av fleire helse-determinantar. Helse-determinantar er faktorar som påverkar helsa og korleis ein har det, både direkte og indirekte. I Noreg er det eit mål at alle skal kunne bu trygt og godt, slik at alle kan leve gode liv. Kommunen har stor innverknad på premissane for bumiljøet og moglegheit til å medverke til at innbyggjarane har tilgang på gode bumiljø gjennom sine verkemiddel. Kommunens samfunns- og arealplanar er viktige, har stor betydning for folkehelsearbeidet og samfunnsutviklinga i kommunen.


Folkehelseprofilen kan nyttast i helsefremmande og førebyggjande arbeid, der me kan bruke tilgjengelege data til å bevisstgjere, beslutte og velgje fokusområde på alle nivå i kommunen.

[Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI](#) her.

I Gol er det:

- høgare andel eldre i befolkninga, både no og framskriven til 2040
- litt fleire i aldersgruppa 45 år og eldre som bur åleine enn på landsnivå
- fleire i aldersgruppa 45 år og eldre som leiger bustad enn på landsnivå
- færre som har høgare utdanning enn landsnittet
- ein stor andel born som har låg meistringsgrad i rekning i 5.trinn
- ein høgare forventa levealder for kvinner, enn landstala
- færre unge som deltek i fritidsorganisasjonar
- mange unge som er nøyd med treffstader
- topp vass- og luftkvalitet

Figur 1. Aldersfordeling i kommunen i 2022 og fremskreven for 2040 (SSB).



Gol kommune vil få ei befolkning som stadig blir eldre. Tala avdekkjer og at ein stor andel vaksne over 45 år lev aleine. Same aldersgruppa har og ein stor andel som leiger bustad. Gol har ein variert boligmarknad, og eit sentrum i stor utvikling. Bumiljø er ein av faktorane som kan ha stor innverknad på helse og trivsel, og det å eige sin eigen bustad kan gje sikkerheit og stabilitet.

### Helsefremmande og utjamnande tiltak

Eit godt bumiljø kan bidra til å utjamne sosiale ulikhetar i helse. Tilgang på bustadar med god kvalitet og i et attraktivt nærmiljø er viktig for befolkninga og kommunen som ein heilheit. Sett i eit livsløpsperspektiv er det viktig med varierte moglegheiter, tilgang på (blå-) grøne områder og tilgang på natur og turmoglegheiter. Eit aldersvennleg samfunn kjem alle til gode, og universelle tiltak vil vera utjamnande og sørge for at inkludering og likestilling er naturleg og ikkje krev tilrettelegging. Trivsel og god helse er viktig for livskvaliteten. Tidleg innsats for å utjamne sosiale ulikhetar i helse er hensiktsmessig både sosialt og økonomisk, for individet og samfunnet som heilheit.

Ulike helsefremmande, forebyggande og utjamnande befolkningstiltak kan være med på å skape et inkluderande og rettferdig samfunn ved å:

- sørge for tilgang til bustadar i ulike prisklasser
- sørge for tilgang på bustadar i attraktive nærmiljø
- ha ein god bustadplanlegging med god infrastruktur og heilskapleg tenking
- ha aldersvennlege bustadar og miljø
- sørge for bustadar som er universelt utforma
- skape eit inkluderande nærmiljø, med moglegheiter for nærturar og sosiale møteplassar

### Nærmiljøkvaliteter



Figur 2. Nærmiljøkvaliteter som har betydning for helse og livskvalitet.

Kjelde: Folkehelseinstituttet (2023). Folkehelseprofil 2023 GOL.